



Johannes Skartveit Dale  
Nøtlevågen 3 A  
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/6 - 18/10689

Saksbehandlar:  
Silje Haukedal  
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:  
05.07.2018

## Krav om innsyn - Arkivsaknr 18/642 - klage tatt delvis til følgje

Synar til klage på avslått innsynskrav.

På bakgrunn av klagen har Radøy kommune vurdert innsynskravet på nytt.

Det følgjer av offentleglova § 15 at

*«Det kan vidare gjerast unntak for delar av dokument som inneholder råd om og vurderingar av korleis eit organ bør stille seg i ei sak, og som organet har innhenta til bruk for den interne saksførebuinga si, når det er påkravd av omsyn til ei forsvarleg ivaretaking av det offentlege sine interesser i saka.»*

Som det følgjer av ordlyden er det berre deler av dokumentet som kan gjerast unntak frå. Dei delane som det skal gjerast unntak frå må vidare innehalde råd og vurderingar og det må vidare vere påkravd av omsyn til ei forsvarleg ivaretaking av det offentlege sine interesser i saka.

Radøy kommune gjer på bakgrunn av dette innsyn i dokumenta, med unntak av den delen som inneholder råd og vurderingar. Desse tilhøva er sladda i versjonen som ligg ved.

### Vedtak

Klagen er etter dette tatt delvis til følgje, jf. offentleglova § 32. Det gis innsyn i dokumenta med unntak av den delen som inneholder råd og vurderingar. Det avslag på krav om innsyn for del av dokumenta som inneholder råd og vurderingar blir oppretthaldt.

Vedtaket kan påklagast innan tre veker, jf. forvaltningslova § 29 og offentleglova § 32.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt Seniorrådgjevar tilsyn/jurist Silje Haukedal.

Med helsing

Silje Haukedal  
Seniorrådgjever tilsyn/jurist

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

20180705094005  
20180705094706

**Mottakarar:**

Johannes Skartveit Dale                    Nøtlevågen 3 A                    5938                    SÆBØVÅGEN